



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo
Att. Sørland Solveig

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/929 ART-FF-AE
Arkivkode:
454.36/008

Dato:

27.02.2013

Høring - Kvalitetsnorm for villaks

Vi viser til høringsbrev datert 15.01.2013.

Direktoratet ser på forslaget til kvalitetsnorm og systemet som er knytt til den som ein nyttig reiskap for lakseforvaltninga, både i saker der Naturmangfaldloven er sentral og for forvaltning av laks generelt. Vi meiner at det på sikt vil ha stor verdi å utvide talet på vassdrag slik at alle vassdrag med sjølvreproduserande bestand etter kvart vert omfatta av ordninga.


I følge departementet sitt forslag ser det ut som om at bruken av kvalitetsnorma kan medføre at vernet av bestandane innanfor ordninga med nasjonale laksevassdrag kan bli svekka. Laksebestandane i desse vassdraget skal, i følge den vedtekne ordninga, vere eit hovudtiltak for å ta vare på villaksen i Noreg. Det er difor heilt avgjerande at vernet av alle desse bestandane vert sikra gjennom bruken av kvalitetsnorma og Naturmangfaldloven.

For at bestandane i nasjonale laksevassdrag skal ha eit sterkare vern enn andre bestandar, meiner vi at målet for desse bestandane bør vere svært god, jamfør Artikkel 3 første avsnitt. Og den nye kvalitetsnorma må ikkje kunna brukast til å svekke vernet av villaksen ved å ta bestandar ut av ordninga med nasjonale laksevassdrag, jamfør departementet sin kommentar til Artikkel 8.

Med hilsen

Direktoratet for naturforvaltning

Yngve Svarte
Avdelingsdirektør


Raoul Bierach